

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)
Sendt: 11.06.2014 10:31:40
Til: 'Olsen, Stine Karoline (NO - BERGEN)'
Kopi: Thorbjørn Aarethun

Emne: Selskapskontroll - Fastlandssamband Halsnøy AS
Vedlegg: Halsnøy.pdf,image003.png

SELSKAPSKONTROLL – FASTLANDSSAMBAND HALSNØY AS

Eg viser til brev frå 15 mai. 2014 om selskapskontrollar.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Halsnøysambandet AS er av samfunnsmessig karakter; å medverka til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgd, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk. Statens vegvesen/Vegdirektoratet har også ei sentral rolle i dette. Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet (her 52,63%) – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

Aktuell dokumentasjon (vedlegg):

- ✓ Politisk sak: Sjølvskuldargaranti, FT sak 16/11, frå 15.03.2011
- ✓ Anna dokumentasjon:
 Generalforsamling 2013 innkalling, årsberetning...
 Avslag søknad reisevaneundersøking.

På spørsmålet om korleis HFK organiserer eigarstyringa av Fastlandssamband Halsnøy AS, viser eg til prosedyren vedlagt i eposten om Hardangerbrua AS.
 For nærmare informasjon kan følgjande kontaktast:

Namn	Avdeling	Tlf.	Epost	Rolle/tema
Thorbjørn Aarethun	Samferdselsavdelinga	55239367	Thorbjorn.Aarethun@hfk.no	Kontaktperson samferdsel
Jon Rune Smørdal	Økonomiavdelinga	55239099	Jon-Rune.smordal@hfk.no	Eigarskapstrategi
Ingvar Skeie	Økonomiavdelinga	55239023	Ingvar.Skeie@hfk.no	Lånegarantiar
Brit-Mari Heggøy	Organisasjonsavdelinga	55239013	Brit.Mari.heggoy@hfk.no	Styreval/generalforsamling

Halsnøysambandet AS rapporterer til fylkeskommunen på Ad – hoc basis ved behov, utanom dei faste oversendingane av årsberetningane og innkallingane til generalforsamling. Den normale kommunikasjonen mellom selskap og eigar vil vera at styreleiar i viktige saker tek direkte kontakt med fylkesrådmannen (som sekretær for eigarrepresentantane) for å diskutere strategisk tilnærming.

Med omsyn til gjennomføring av eigarmøte i tillegg til generalforsamling, har fylkeskommunen p.t. ikkje ein praksis for å ta initiativ til eller gjennomføre dette på rutinemessig basis. Fylkeskommunen tek initiativ til eigarmøte om det er behov for det.

Samferdselsavdelinga si oppfølging av Fastlandssamband Halsnøy AS siste halvår ha vore knytt til

- Innhenting av lånedokument for lån i Kommunalbanken og renteswap i Nordea- i samband med utarbeidinga av rapport om regionale bompengeselskap.
- Gjennomlesing av «generalforsamlings papir».
- Rekneskapoversikt frå SVV

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no